

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
04.12.2019

Tilstades på møtet

Medlemmer: Gerd Marie Solheim, Kine Lerøy, Arne Lerøy, Edvard Bjerkestrand, Helge Dyrkolbotn, Rune Minde

Varamedlemmer: Ingen av varamedlemmene kunne stilla.

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Inger Synnevåg, Svein Tomas Villanger, Toril Hordvik, Bjørn Helge Olsen.

Saker til førehaving:
F – 28/19 – F – 2

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 28/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 29/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Kine Lerøy og Arne Lerøy.

F – 30/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.11.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 06.11.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 06.11.2019 vart godkjent utan merknader

F – 31/19 ORIENTERINGSSAKER:

- Status for framdrifta av bærekonstruksjonane i kyrkja

F – 32/2019 BUDSJETT 2020

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framlegg til budsjett 2020, slik det ligg føre. Soknerådet godkjenner bruk av fondsmidlar for å få budsjettet i balanse. Soknerådet uttrykkjer bekymring for eit kutt i kommunale driftsmidlar på 15% og peikar på at dette ikkje er berekraftig over tid.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framlegg til budsjett 2020, slik det ligg føre. Soknerådet godkjenner bruk av fondsmidlar for å få budsjettet i balanse. Soknerådet uttrykkjer bekymring for eit kutt i kommunale driftsmidlar på 15%. Dette er ikkje berekraftig og vil tappa kyrkja sin økonomi før økonomiplanperioden er over.

Soknerådet ber kyrkjeverja senda eit skriv til rådmannen og politisk nivå, som viser vilkår og konsekvensar for bruken av soknet sine reserver.

Bakgrunn:

Kyrkjeverja har tidlegare i haust hatt dialog med økonomisjefen, som er vanleg praksis når budsjettamma skal setjast opp. Eg fekk då førelagt eit utkast til driftsbudsjett på 3.350.000,- som var ein liten auke i forhold til årets budsjett – som etter ei friviljug nedjustering på 200.000 kroner enda på ei driftsramme på 3.170.000,-. Eg har også fått tilbakemelding om eit tilskot til investering på 700.000 for 2020. (Investering kjem utanom drift).

Rådmannen sende ut mail for om lag 3 veker sidan, der ho opplyser at kyrkja får eit kutt i driftsbudsjettet på 500.000 kroner for 2020 og tilsvarande for heile 4 års perioden. Det betyr eit kommunalt tilskot på 2.850.000,-. Ifølgje meldinga frå rådmannen betyr dette eit flatt tilskot heile perioden, utan justering for pris og lønsvekst. Grunngevinga for kutt – som rammar alle avdelingar i kommunen – er ein generell svikt i skatteinntektene.

Budsjettsituasjonen er drøfta i formannskapet. Tilbakemeldingane derifrå er lite oppløftande med tanke på ein reduksjon i dette nedtrekket. Inntektssvikten for kommunen er ein realitet og noko einkvar må forhalda seg til. Det er likevel ingen politisk vilje til å auka inntektene i form av eigedomsskatt, til dømes.

Enn så lenge har soknet fondsmidlar som ein kan tæra på, men dette er ei svært kortsiktig løysing. Samla fondsmidlar for soknet utgjer omlag 1,9 millionar kroner. Desse er fordelt på bundne og ubundne fond. Det betyr i realiteten at det er dei ubundne fonda (med unntak av gjevartenestekontoen) ein kan disponera. Dei bundne fonda er avsett til gravlegat, gåve med særskilt formål, gjevartenestekonto og bundne investeringsmidlar.

Kyrkjeverja har saumfart budsjettet og redusert mange postar i drifta. Kutta går særskilt ut over forbruks og vedlikehaldspostar. Eg har også foreslått at vi kuttar sommarhjelpa på gravplassane. Det betyr at gravplassane ikkje vert slått så jamnleg som no og at dette vil vera særskilt kritisk i ferietida. Lønspostane er det lite å gjera med.

I mitt svar til rådmannen har eg peikt på 4 forhold som vi kan gjera noko med for å kutta utgifter/auka inntekter:

- Kutta sommarhjelp på gravplassane: Innsparing kr 35.000,-. Konsekvens: Gravplassane vert ikkje slått så ofte som før, større belastning på kyrkjegardsarbeidar og generelt forringa kvalitet på korleis gravplassane ser ut.
- Justera festeavgiftene. Festeavgiftene vart justert opp sist med verknad frå og med 1.januar 2019. Vi har differensierte avgifter, der det er rimelegare å festa ei grav tidleg i løpet og dyrare til eldre gravminnet er. Framlegget no vil vera at vi legg oss på ei flat avgift og tilpassar oss avgiftene som er i Alver. I tillegg vil eg foreslå at friperioden før ein begynner å betala festeavgift vert redusert frå 25 til 20 år. Økonomisk gevinst kan her utgjera 80 – 100.000 kroner i året.
- Vi kjem nok ikkje utanom å bruka av gjevartenestekontoen. Mitt framlegg vil då vera at vi legg det som årleg vert samla inn no (kr 110.000) og legg det i potten på avlønning av trusopplærarstillinga.
- Flytta kyrkjekontoret. Dette har vore drøfta med det førre soknerådet og vi er generelt positive til dette. Reduksjon i driftsbudsjettet framskandar ei slik løysing. Resultatet av ei flytting vil føra til innsparingar i driftsutgifter på årsbasis på om lag 100.000 kroner. Om vi kan flytta inn på kommunehuset, må forutsetninga vera at vi får god nok plass og kan sitja samla – og at vi har nok plass til dei brannsikre

skapa våre (der kyrkjebøkene er lagra blant anna) og at vi har nok plass til arkiva våre (også fjernarkivet). Ulempa er at vi mister lokale til større og mindre samlingar, som vil kunna medføra at vi må ut på leigemarknaden.

Sjølv med desse framlegga vil vi slita med å koma opp i det som er kravet til å dekkja opp for det som er eit redusert tilskot på kr 500.000,-.

Budsjettframlegget, slik det no ligg føre er svært stramt og etter alt å døma for stramt. Dei framlegga til innsparingar/inntektsauke som er nemnt i saksframstillinga, vil ikkje få god nok effekt før i 2021. For at budsjettet skal balansera vert det foreslått å dekkja dette inn med kr 206.000 i fondsmidlar.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.11.2019

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Kine Alfredsen Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Gerd Marie Solheim, Inger Irene Synnevåg, Toril Hordvik, Arne Lerøy, Edvard Bjerkestrand, Rune Minde

Varamedlemmer: Linda Skålevik Syslak, Anne Karen Wilkensen

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim (framleis kommunal representant)
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Svein Tomas Villanger

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 22/19– S 26/19

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 22/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 23/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 19.09.2019:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 19.09.2019 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 19.09.2019 vart godkjent utan merknader.

S – 24/19 KONSTITUERING AV NYTT SOKNERÅD

Vedtak:

Leiar: Helge Dyrkolbotn - einstemmig

Nestleiar: Anne Dahle Austrheim – einstemmig (1 blank stemme)

Bakgrunn:

Reglane for «*formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet*», vedteke på Kyrkjemøtet 15.november 1996, slår fast at soknerådet sin valperiode tar til 1.november i valåret (§1) og strekkjer seg til 31.oktober ved slutten av valperioden fire år seinare. Det har i Austrheim ikkje vore råd å få til ei konstituering før 31.oktober i år, som er kravet i § 2. I følgje § 3 skal det veljast leiar og nestleiar og avstemminga skal vera skriftleg. Leiar og nestleiar vert velt for 1 år av gangen.

Soknerådet har også eit eige AU – Arbeidsutval, som hos oss har består av leiar, nestleiar, soknepresten og kyrkjeverja. Arbeidsutvalet møtes eit par veker før soknerådsmøtet, for å drøfta aktuelle saker til neste møte.

S – 25/19 GUDSTENESTEPLAN FOR 2020

Framlegg til vedtak:

Gudstenesteplanen for 2020 vert godkjent slik den ligg føre-

Vedtak:

Gudstenesteplanen for 2020 vert godkjent slik den ligg føre-

Bakgrunn:

Vedlagt ligg utkast til gudstenesteplanen for 2020. Soknepresten skal kvart år ha 50 forordna gudstenester i Austrheim og Fedje, med 30 gudstenester i Austrheim og 20 på Fedje. Det er førebels ikkje avklart korleis frigjeringsgudstenesta på Selsøy 8.mai skal definerast og om soknet eller prosten tek rekninga for denne. Tilsvarande gjeld eldregudstenesta, som dei siste åra har vore lagt til kyrkja kl 15.00 på eldredagen den 1.oktober. Alle fredagsgudstenestene som er tilrettelagt, er definert som forordna gudstenester og kjem inn under det fastsette talet på gudstenester i Austrheim.

Dei forordna gudstenestene er dei som soknet er pålagt å leggja til rette for etter pålegg frå biskopen. Det er sjølvsagt ingenting i vegen for at soknet kan bidra til fleire gudstenester eller andre samlingar i kyrkja. Det vil vera begrensa i kva utstrekning presten kan delta i dette utanom dei forordna gudstenestene.

S – 26/19 MØTEPLAN FOR SOKNERÅDET.

Framlegg til vedtak

Onsdag 4.des 2019 kl 19.00

Torsdag 7.februar 2020 kl 19.00

Torsdag 2.april 2020 kl 19.00

Torsdag 11.juni 2020 kl 19.00

Vedtak:

Onsdag 4.des 2019 kl 19.00

Torsdag 6.februar 2020 kl 19.00

Torsdag 2.april 2020 kl 19.00

Torsdag 11.juni 2020 kl 19.00

Bakgrunn:

AU har allereie foreslått å endra datoen for siste soknerådsmøte før jul; frå torsdag 5.desember til onsdag 4.desember. Dette for å unngå kollisjon med julekonserten i Leirvågen 5.desember.

Elles har soknerådsmøta tradisjonelt vore på torsdagar. Det vert sett opp ein møteplan for første halvår i 2020, med dette som utgangspunkt. Til kvart møte i soknerådet vil 1 medlem ha ansvaret for å ta med seg litt mat (enkel bevertning) og ha ei innleiing. Kyrkjekontoret ordnar med kaffi og te. Vinterferieveka i 2020 er veke 9, 24. til 28.februar.

